



FEDJE KOMMUNE
Stormarkvegen 49
5947 FEDJE

Vår dato:

11.05.2023

Vår ref:

2023/3709

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Per Sindre Thoresen Aaland, 5764 3109

Vedtak om utbetaling av tilskot

Statsforvaltaren i Vestland viser til at Fedje kommune tar del i den nasjonale oppfølgingsordninga. Forfasen i ordninga vert avslutta i juni 2023 og for dei to påfølgande skuleåra vil kommunen få statleg støtte til gjennomføring av tiltak kommunen har planlagt.

Statsforvaltaren sitt vedtak

På bakgrunn av søknaden frå Fedje kommune overfører Statsforvaltaren i Vestland kr. 350 000,- til kommunen (944 041 036).

Midlane er tildelt i samband med første halvår av gjennomføringsfasen i den nasjonale oppfølgingsordninga.

Midlane vil bli utbetalta til kontonummer 3490.05.20400 so snart som råd.

Føring for bruk av midlane

Utdanningsdirektoratet sine føringar seier at midlane i tillegg til kompetansetiltak innafor oppfølgingsordninga, skal dekke eventuelle utgifter dersom direktoratet eller Statsforvaltaren arrangerer regionale samlingar.

Midlane skal nyttast til gjennomføringa av tiltaka som kommunen har planlagt. I søknaden blir det skildra at kommunen skal:

- Byggje kompetanse- og utvikle skulens praksis på lesing
- Styrke profesjonsfellesskapet gjennom hensiktsmessig organisering i tråd med skulens eigenart
- Utvikle leiargruppas kompetanse på å leie gruppeprosessar og utviklingsarbeid

Som ein del av prosessen i utviklingsarbeidet må både skulen og kommunalt nivå følgje opp dei konkrete planane som har blitt utforma for arbeidet, som fortel kven som skal gjere kva og når det skal gjerast. Kommunen må sjå til at dette vert gjort på skulane då dette er sentralt for å utvikle eit godt eigarforhold til tiltaka.



Vi ber om ei kort evaluering av arbeidet for 2023 saman med ein omtale av korleis midlane er nytta innan 15. januar 2024.

Vi gjer merksam på at Statens bevilningsreglement § 10 gjev Statsforvaltaren i Vestland rett til å føre kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadane. Heile tilskotet eller delar av dette kan krevjast attende dersom pengane ikkje vert nytta i samsvar med gjeldande skriv.

Med helsing

Mats Petter Sydengen
seksjonsleiar

Per Sindre Thoresen Aaland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent